

RESOLUSJON

Eigenandelar er ikkje gratis

Gratisprinsippet og lik rett til utdanning er grunnleggjande byggjesteinar i akademia. Evna til å ta del i undervisning skal korkje vera avhengig av dei fysiske eller dei økonomiske føresetnadane til studentane. Trass dette ser ein framleis at studentar vert pålagt store utgifter tilknytt obligatoriske studieturar med eigenandel.

Desse turane ser ein i varierende form og mangfald rundt på fleire institusjonar, og det er ikkje alltid at den planlagde eigenandelen som er sett av institusjonane står som einaste kostnad. Avhengig av destinasjon og planlagt aktivitet, kan dei personlege utgiftene til studentar nå uheldige høgder. Studentar er ei variert og samansett gruppe, med mange forskjellige føresetnader for å handtera store ekstrakostnader. Høgskulen på Vestlandet skal ta omsyn til at studentar kan ha vanskar med å reisa vekk av fysiske, økonomiske og andre årsaker.

I den seinare tida har diskusjonen i saka dreidd seg rundt spørsmålet om desse turane går direkte på kant med lovverket eller ikkje. Studenttinget på Vestlandet meiner klårt at dei gjer det, men meiner vidare at gratisprinsippet skal iveratakast uansett kva for tolking som vert gjeve sentralt. Følgjeleg skal studieturar opphøyra å vera einaste faglege alternativ i tidsromma dei er sett til. Om studentar vert presentert med reelle og godkjende faglege alternativ til studieturane, vil gratisprinsippet ivaretakast, og me vil framleis praktisera lik rett til utdanning i Noreg.

Studenttinget på Vestlandet meiner at:

- ▶ Høgskulen skal utarbeida klare retningslinjer for kva for turar, ekskursjonar andre reiser som det kan krevjast eigenandel for, i tråd med gratisprinsippet.
- ▶ I den grad høgskulen krev eigenandel for obligatoriske reiser og turar som ikkje kan definerast som praksis, skal det finnast reelle alternativ med god fagleg kvalitet som er gratis, og godt informert om.
- ▶ Høgskulen skal informera studentmassen om dei tiltaka dei gjennomfører for å betra den praksisen ein ser i dag. Høgskulen skal ta del i samfunnsdebatten rundt aktuelle tema av denne typen, samt informera studentane om tiltak dei gjennomfører.

